

Luk 24,44-53 DER HIMMEL OG JORD MØTEST

Det er enklast for oss som bur på kysten å skjønne kva Kristi himmelfartsdag er. Vi ser at himmel og jord møtest. Høge fjell lurer folk til å tru at himmelen er langt ute. Men eit blikk utover havet viser oss at dei heng ihop. Der ute møtest himmel og jord.

Når Jesus vert lyft opp til himmelen, opphøgja «til Guds høgre hand», betyr det ikkje at han er langt borte. Apostelen seier også at «Faderen har reist oss opp frå døden med Han og sett oss i himmelen med Han». (Ef 2,9). Himmel og jord møtest også i våre liv som truande.

Jesus Kristus er vår prototyp, vår føregangsmann. Han går opp vegen for oss. Og det er eit menneske, Menneskesonen, som sit ved Faderens høgre. For ein ufatteleg status mennesket er tiltenkt hos Gud!

Dette er til stor trøyst for menneske under pandemi-trykket. Tenk på det himmelske livet. Det er ingen grunn til å gi opp, men å bruke kvart sekund av livet til å innrette seg himmelsk medan vi lever her og no.

Så lat oss snakke om himmelen. Kva er det med det himmelske livet?

1 – Apostelen Paulus seier at **der skal vi sjå ansikt til ansikt** (1 Kor 13,12).

"Sjå" her betyr mykje meir enn å ,sjå på'. Heller 'oppleve, delta'. Forstanden vår skal vere heilt opp- og gjennomlyst. Her på jorda trengjer synet vårt ikkje lett gjennom den synlege overflata. Vi betraktar overflatisk. I himmelen får vi leve med i Guds liv og oppleve djupnene i den sanninga at Faderen er kjelda til alt liv, alt strøymer ut frå Han og overgir seg til Han.

Som ein blind som i vaksen alder får att synet ein vakker sommardag, eller ein døv som plutsleg får høyre ein Beethoven-symfoni. Så nytt, friskt og overraskande. For i Gud vert alt liv fødd og atterfødd.

2 – Vidare inneber livet i himmelen å sjå Jesus.

Skrifta liknar det himmelske livet med ein bryllaupsfest. Kristus er brudgomen og Kyrkja er brura. All vår lengt vil vere som brura sin lengt etter brudgomen: "*Kom, Herre Jesus.*" Difor skriv også apostelen: "*Eg har hug til å fara herifrå og vera saman med Jesus, for det er så mykje, mykje betre.*" (Fil 1,23).

3 – I himmelen skal vår forgjengelege kropp vere herleggjord.

Ikkje ein ny kropp. Same kroppen skal stå fram i fullkomen versjon. "*Han skal omskapa vår veike og forgjengelege lekam og gjera han lik den lekamen han sjølv har i herlegdomen.*" (Fil 3,21). Igjen er Jesu liv modellen. Vår himmelske kropp skal bere sine kjennemerke, slik Jesus ber sine sårmerke. Martyrane ber sine. Men no som heidersmerke, som æresteikn.

4 – Inntoget i himmelen gjeld ikkje berre mennesket. Heile skaparverket er med. Jesus lyfter både oss og naturen opp til Gud. Dyra kjem til himmelen. Guds borns himmelferd er forvarsløst for frigjeringa av heile skaparverket. Alt ærleg kulturarbeid skal få si oppfylling. Og fullkome skal det bli. Ikkje meir mørke. Aldri meir synd og virus. Og mennesket skal vere konge over skaparverket slik Gud hadde tenkt det frå fyrst av.

5 – Enno ei glede med livet i himmelen: Samveret med dei heilage. Eit reint og heilagt, djupaste sort venskap, ope, gjennomsiktig for kvarandre. I himmelen skal alle kunne sjå og vite, ærleg og ekte. Syndige tendensar skal ikkje vere meir.

Dette er Kristi himmelfartsdag. Ei påminning om kor viktig det er å søkje det livet som er der oppe medan vi lever her nede. Denne dagen vort Jesus Kristus, den oppstadne med sårmerka, intronisert i himmelen. Han har all makt der, og her, i himmelen og på jorda. Gå difor ut i all verda og fortel om himmelen og om at som det er der, skal det vere mellom oss her på jorda,

Til ære for Faderen og Sonen og Heilaganden som var, er og blir éin sann Gud frå æve til æve.